



Blom Fiskeoppdrett AS  
Ulvøy  
5337 RONG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/628 - 14/18619

Saksbehandlar:  
Anne-Lise Næs Olsen  
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

Dato:  
05.12.2014

## Avslag - søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø - Laksevika - Blom Fiskeoppdrett

**Administrativt vedtak. Saknr: 344/2014**

### Saksopplysnigar:

**Søklar:** Blom Fiskeoppdrett AS

**Søknad motteken:** 04.11.2013

#### Bakgrunn:

Meland kommune mottok 04.11.2013 søknad om dispensasjon frå Blom Fiskeoppdrett for bruk av areal i sjø ved Laksevika. Kommunen godkjente 13.02.2014 søknaden i delegert saknr. 12/2014.

Meland kommune mottok deretter 04.07.2014 klage frå Advokatene i Forsvarsbygg, på vegne av Staten v/Forsvarsdepartementet v/Forsvarsbygg.

Klagen vart sendt til søklar for uttale, og kommunen mottok 07.08.2014 uttale frå Advokat firma Ahlgrenkreutz AS, på vegne av Blom Fiskeoppdrett AS.

Klagen vart ikkje sendt til kommunen innan klagefristen, men klagar vart heller ikkje gjort kjend med vedtaket før klagefristen var ute.

Meland kommune gjorde 02.10.2014 slikt vedtak i sak 239/2014:

*Meland kommune opphevar tidlegare delegert vedtak i saknr. 12/2014 av 13.02.2014 då vedtaket er gjort på feil grunnlag. Før det kan gjerast nytt vedtak i dispensasjonssaka, så lyt saka sendast regionale instansar for uttale. Vedtaket er gjort med heimel i Forvaltningslova §§ 37 og 41, jf. pbl § 19-1.*

Dette vedtaket vart ikkje påklaga.

Kommunen mottok 08.10.2014 ein oppdatert anleggsskisse i saka, og saka vert her å behandle på nytt.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01


Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)


Saka gjeld:

Her er 26.09.2013 søkt om dispensasjon for å utvide arealet for oppdrett i sjø. Søkjar har i samband med rullering av kommuneplanen, tidlegare levert innspel til arealplan om utviding av område avsett til akvakultur. Behandlinga av kommuneplanen er forseinka, men søkjar har trong for snarleg avklaring knytt til drifta av anlegget. Nytt anlegg består av 12 stålbur, kvar på 25x25 m, samt plastring av nordenden av anlegget. Dette utgjer 2 stålbur meir enn det som er i dag.

Søkjar opplyser 08.10.2014 om at det har vist seg at det ikke er mogeleg å fortøye den ekstra merden slik som først planlagt, og at den difor må leggjast på utsida slik oppdatert anleggsskisse under syner:



Utsnitt under syner areal lagt ut til føremål akvakultur i gjeldande arealdel av kommuneplan:



**Nabotilhøve:**

Naboar er varsla ved høyringsbrev datert 03.01.2014, og her er ikkje kome nabomerknader i saka.

**Reguleringsmessige tilhøve:**

Omsøkt tiltak ligg innafor gjeldande kommuneplan, og storparten av anlegget ligg i område for akvakultur, men noko av utvidingsarealet ligg i område for sjø, og då særleg forankringa. Rullering av kommuneplanen er under arbeid, men det er ikkje teke endeleg stilling til framtidig arealbruk her.

**Lovgrunnlag:**

*Plan og bygningslova § 19-2. Dispensasjonsvedtaket*

*Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.*

*Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.*

*Ved dispensasjon fra loven og forskrifter til loven skal det legges særlig vekt på dispensasjonens konsekvenser for helse, miljø, sikkerhet og tilgjengelighet.*

*Ved vurderingen av om det skal gis dispensasjon fra planer skal statlige og regionale rammer og mål tillegges særlig vekt. Kommunen bør heller ikke dispensere fra planer, lovens bestemmelser om planer og forbudet i § 1-8 når en direkte berørt statlig eller regional myndighet har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.*

**Tilhøve til andre mynde:**

Saka er sendt på høyring til Kystverket, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, med kopi til Forsvarsbygg, Advokat Firma Ahlgerkreutz, og Forsvarsdepartementet. Dette jf. Pbl § 19-1. Kommunen mottok 06.11.2014 uttale frå Kystverket, og kommunen mottok 25.11.2014 uttale frå Forsvarsbygg.

**Uttale frå Kystverket:**

Kystverket skriv at anlegget ikkje vil liggje i konflikt med Hegernes fyrlykt som ligg på vestsida i fjorden Hegernes fyrlykt, men dei opplyser om at ytterdel av anlegget, dvs. merden på utsida av anlegget inn mot farleia, medfører innskrenking av farleia og blir vurdert å ligge uheldig til i høve til sjøtrafikk i området. Dei orienterer vidare om at det er sett i verk utgreiingar og planar om alternativ innsegling/farlei til Bergen via Skjelangersundet og Herdlefjorden. Dette vil generere ytterligare sjøtrafikk i farleia m.a. med betydeleg større fartøy, noko Kystverket må vektleggje i vurderingane.

Dei orienterer vidare om at omsøkt dispensasjon og lokalitet for oppdrettsanlegget, ligg i eit militært forbudsområde, dei viser såleis til eigen uttale frå Forsvarsbygg.

Dei konkluderer med at ut frå eit farleds- og sikkerheitsmessig perspektiv i forhold til vanleg sjøtrafikk, vil dei ikkje motsetje seg at det vert gjeve dispensasjon, med unntak av den yttarste merden ut mot farleia. Denne må eventuelt trekkast lenger vekk frå farleiområdet.

Kommentarar frå administrasjonene: Administrasjonen har ikkje noko å merkje til uttalen.

#### Uttale frå forsvarsbygg:

Forsvarsbygg syner til dokumentasjon i tidlegare saker som er behandla for Blom Fiskeoppdrett AS. Dei syner mellom anna til premissar i løyve av 31.05.2010 frå Hordaland Fylkeskommune som fylgjer:

*« Søknaden er handsama av Kystverket Vest 12.05.2010 og 27.05.2010. I og med at tiltaket vert søkt i eit område kor Forsvaret har interesser ved at det er en ein akustisk målestasjon for marinefartøy, ble saka lagt fram for Forsvarsbygg for uttale. Forsvaret uttaler at omsøkt tiltak ikkje høver i hop med Forsvaret sin aktivitet i området. Frå Forsvaret si side vart særskilt omsynet til auka sikkerheitsrisiko for neddykka ubåtar under fart trekt fram i samband med nye fortøyningar ut i fjorden. Med bakgrunn i Forsvaret sine inspel gav Kystverket Vest avslag på søknaden den 12.05.2010.*

*I brev av 18.05.2010 ber Blom Fiskeoppdrett AS Kystverket Vest om å omgjere vedtaket. Det er utarbeid nye planar for fortøyningsarrangementet. Endringane går ut på at to tidlegare fortøyningar ut i farvatnet ikkje vert etablert. Eksisterande fortøyningar skal nyttast med påskøyt av «haneføter» opp til oppdrettsbura.*

*De siste planane for fortøyning av anlegget vart lagt fram for Forsvarsbygg. Til desse uttaler Forsvarsbygg at fortøyningane allereie i dag utgjer en betydelig sikkerheitsrisiko for neddykka utbåtar, noko som gjev desse mindre fleksibilitet og vanskeleggjer undervassnavigasjon. Forsvaret kan ikkje sjå at den siste fortøyningsplanen vil føre til auka sikkerheitsrisiko utover dagens. Det under forutsetning av at produksjonskapasiteten ikkje vert auka og at endringane ikkje vil føre til auka aktivitet.»*

Dei understrekar vidare at forutsetningane forå godta endringar i 2010 var at produksjonskapasiteten ikkje skulle aukast og at endringar av fortøyningane ikkje skulle føre til auka aktivitet.

Dei viser vidare til søknad til Hordaland fylkeskommune av 21.02.2013, frå Blom Fiskeoppdrett, om utviding av virksomheita. Blom Fiskeoppdrett søker der om å utvide MTB på lokaliteten frå 1560 til 3600 tonn, og dei vil fortøye ny forflåte, samt bytte ut eit 4 burs stålanlegg med eit 6 burs. Denne søknaden omfattar også ein ny ring 160 meter nord for anlegget.

Forsvarsbygg viser deretter til sin tidlegare uttale via brev frå Kystverket av 27.02.2014. Dei uttalte der at tiltaket som Blom Fiskeoppdrett har søkt om, ikkje var foreinleg med Forsvaret sin aktivitet i området, m.o.t. sikkerheit og risiko. Dei uttalte også i dette brevet at søknaden slik den var behandla av Meland kommune, ikkje var vurdert i samsvar med Forskift om militære forbudsområde innan Sjøforsvaret.

Forsvarsbygg viser no til lov om forsvarshemmeligheter, §§ 1 og 3, med forskrift om militære forbudsområder innan Sjøforsvaret, og konstaterer at omsøkt tiltak med dispensasjon er i strid med forskrifta. §§ 1 og 3 pkt.2. Forsvarsbygg minner om at det i pbl § 19-2 ikkje er heimel til å dispensere frå

denne forskrifta i medhald av Lov om forsvarshemmeligheter, og konkluderer med at vilkår for dispensasjon frå kommuneplanen ikkje er tilstades.

Kommentarar frå administrasjonene: Administrasjonen har ikkje noko å merkje til uttalen.

### **Vudering:**

Administrasjonen finn ut frå uttalar i saka, at her er ei rimeleg stor konflikt mellom Forsvaret sine interesser og Blom Fiskeoppdrett sine interesser i området.

Omsøkt dispensasjonssøknad vil også vere litt i konflikt med farleia i høve til sjøtrafikk i området.

Ein dispensasjon vil truleg føre til at omsyn bak reglane det skal dispenserast frå, og omsyn i formålsparagrafen i lova, vert vesentleg sett tilside. I tillegg er fordelene ved å gi dispensasjon, etter ei samla vurdering, ikkje klart større enn ulempene. Etter administrasjonen sitt syn, heller tvert imot.

Administrasjonen meiner vidare at søknaden ikkje er godt nok utgreidd når det gjeld konsekvensar for helse, miljø og sikkerheit, og meiner at vurdering av eventuell utviding av dette anlegget, såleis bør gjerast gjennom rullering av kommuneplanen.

Kommunen bør elles ikke dispensere fra planer når ein direkte berørt statleg eller regional myndigheit har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Når det gjeld folkehelsa, så vil den truleg ikkje verta påverka av ein eventuell dispensasjon, og økonomisk vil tiltaket truleg berre ha noko å seie for søkjar.

### **Konklusjon:**

Administrasjonen rår til at det ikkje vert gjeve dispensasjon i denne saka. Dette fordi ein dispensasjon truleg vil føre til at omsyn bak reglane det skal dispenserast frå, og omsyn i formålsparagrafen i lova, vert vesentleg sett tilside. I tillegg er fordelene ved å gi dispensasjon ikkje klart større enn ulempene.

### **Vedtak**

*”Meland kommune avslår søknad om dispensasjon frå arealformål sjø i kommuneplanen fordi fordelane ved å gje dispensasjon, ikkje etter ei samla vurdering er klart større enn ulempene, og fordi omsyn i formålsparagrafen i lova kan verta vesentleg sett til side.*

*Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2, jf. §§ 1-6 og 11-6 .»*

Dette vedtaket kan etter pbl § 1-9 påklagast innan 3 veker etter at ein har motteke melding om vedtaket, jf. forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anne-Lise Næs Olsen  
plankonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Opplysningar om klagerett

**Kopi til:**

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune	Regionalavdelinga	5020	BERGEN
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Forsvarsbygg	Postb. 405, Sentrum	0103	OSLO
Forsvarsbygg			

**Mottakere:**

Blom Fiskeoppdrett AS	Ulvøy	5337	RONG
-----------------------	-------	------	------